



Notat

Dato: 14.10.2016
Arkivsak: 2014/558-215
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Kommunikasjonsseksjonen

Angåande epolitikar

Heimesida hordaland.no er den prioriterte og offisielle kanal for Hordaland fylkeskommune. Alle sakspapirer og informasjon ligg i modulen e-innsyn, som er ei integrasjon på nettstaden.

Nettstaden hordaland.no blei fornya i 2016. Det blei lagt stor vekt på å følgje opp dei føringar som er gitt frå mellom anna Difi knytta til universell utforming. RMNF var i informert om utviklinga fleire gonger underveis, for å kunne kome med innspel i prosessen.

Appen epolitikar er eit supplement til vår prioriterte kanal. Den er opprinnelag utvikla på bestilling av mellom anna Akershus fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har ikkje vore involvert i kravspesifikasjon. Vi har difor heller ikkje gjort ein vurdering av grad av universell utforming, då dette er ein ny kanal som testast ut som supplement til vår prioriterte og offisielle kanal. Epolitikar er ei redskap for dei politikare som ønske å nytta dette. I løpet av 2017 skal e-politikar appen evaluerast.